



Dette har vore ein stor dag for Cafe TI-aren, med besøk frå både Odda og Sunde i tillegg til den trufaste gjesteflokken frå Uskedalen. 50 vaksne og 10 ungar har vore innom og kosa seg medan det har blesi og regna skikkeleg. Det har med andre ord vore skikkeleg kafever!

Ein trio frå Odda hadde tilknytning til husflidslaget og var frå Eide-området.

-Det er laget sitt tidlegare medlem Berit Harriet Døssland som har lokka oss hit, sa trioen og sikta til sjefen for kafeen som ikkje forsømmer marknadsføringa uansett kvar ho er.

Dei frå Sunde var ei barnehage-gruppe med 9 små og store. Dei hadde vore innom gardsbarnehagen her i bygda før dei kom til Gamleskulen for å beverta seg, fortel Berit Harriet. På bildet er ho saman med Kari Valle, Solveig Jurs og Oddrun Sperrevik.'

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen